

# Kyrkjebladet for **VAKSDAL**

71. ÅRG. / NR. 3 – 2017



**Min salme**  
Side 5

**Vegen**  
Side 8, 9, 10 og 11

- Andakt side 3
- Slekters gang side 15
- Gudstenestelista side 16



**DEN NORSKE KYRKJA I VAKSDAL****Kyrjekontoret for Vaksdal**

Pb 113, Fabrikkvegen 3

5721 Dalekvam

Tlf. 56 59 39 20 (felles for alle tilsette)

E-post: kyrjekontoret@vaksdal.kyrkja.no

**Ekspedisjonstid:****Tysdag og onsdag kl. 11.00-14.00****Kyrkjeverje Bjart-Magnus Ndogo Rosvold**

Mobil 97 69 75 62

E-post: kyrkjeverja@vaksdal.kyrkja.no

**Sokneprest Edvard Bø**

Prest i Vaksdal og Stamnes sokn

Mobil 90 84 06 24

E-post: edvard.boe@vaksdal.kyrkja.no

**Fungerende sokneprest****Jostein Skutlaberg** (til 17. november)

Prest i Dale, Eksingedalen, Bergsdalen og

Nesheim sokn

Mobil: 44 46 69 37

E-post: jostein.skutlaberg@voss.kyrkja.no

**Sokneprest Frode Kvamsøe**

(Permisjon til 17. november)

Prest i Dale, Eksingedalen, Bergsdalen

og Nesheim sokn

Mobil: 90 19 65 14

E-post: frode.kvamsoe@vaksdal.kyrkja.no

**Trusopplærer****Kristin Straume Audestad**

Mobil: 95 76 63 79

E-post: kristin.audestad@vaksdal.kyrkja.no

**Organist James Reed**

Mobil: 41 22 49 31

E-post: james.reed@vaksdal.kyrkja.no

**Samtale med presten**

Prestane står til disposisjon for samtale.

Avtal helst på førehand.

Prestane har teieplikt.

Informasjon om gudstenester, konfirmanntida og Kyrkjebladet finn du på [www.vaksdal.kyrkja.no](http://www.vaksdal.kyrkja.no)

**GATEADRESSER:****Bergsdalen kyrkje:** Bergsdalsvegen 1065**Dale kyrkje:** Kyrkjegata 1**Eidsland kapell:** Eidslandsvegen 2014**Eksingedalen kyrkje:** Søralsvegen 10**Nesheim kyrkje:** Nesheimsvegen 31**Stamnes kyrkje:** Grupevegen 19**Vaksdal kyrkje:** Vaksdalsgarden 34

*Frå Stølgudstenesta på Brakestadstølen 20. august.  
Magnar Nese orienterer om stølen og stølslivet.*

**For no er sumaren slutt...**

Kva sumar? tenkjer sikkert du. Men no skal eg ikkje bruka mykje av teksten her til å snakka om det triste veret i sumar. For det finnes ikkje dårleg vær, berre dårlege klede, seier dei. Det er med andre ord snakk om kva ein vel å gjera det til.

Ja og val er jo aktuelt i desse dagar. I skrivande stund er det val i Kenya. Der vonar me på at det går rett for seg, og ikkje minst at ein skal unngå demonstrasjonar og tap av menneskeliv. Når du les dette, er det heile over, og har nok vonleg gått stille for seg.

Her i Noreg er det val snart. Då er det eit val som er viktigare enn alle andre. Det er om du går og stemmer eller ikkje. Ved stortingsvalet 2013 var det 77,7 % som stemte. Noko som betyr at tett på ¼ av norske veljarar valde å sitte heime. Dette er trist. Det er mogleg det seier noko om politikarane, og manglande formidlingsevne. Men det seier mykje meir om folk og våre tankar kring politikk.

Sidan me kan gå roleg og fredeleg til valurnene utan overhengande fare for å bli ramma av fysisk vald, bør du ta deg turen. Bruk stemma di, den er viktig!

Godt val!

**Bjart-Magnus N Rosvold****Fellesrådsleiar:**

Odd Arild Faugstad

tlf. 952 65 989

e-post: oddfau47@gmail.com

**Soknerådsleiarar:**

Vaksdal: Grethe Loftheim Dale

tlf. 992 68 128

Dale: Brith Kydland

tlf. 48 13 06 64

Bergsdalen: Herborg Holt Lid

tlf. 454 65 977

Stamnes: Bjørn Stamnesfet

tlf. 56 59 82 91 / 414 13 351

Eksingedalen: Kjersti Vetejord Børø

tlf. 56 59 64 19 / 957 01 608

Nesheim: Gøril Kvinge Nesheim

tlf. 930 54 636

**Den norske kyrkje si heimeside:**[www.kyrkja.no](http://www.kyrkja.no)**Bjergvin bispedømme si heimeside:**[www.kyrkja.no/bjergvin](http://www.kyrkja.no/bjergvin)**Bibelen på nett:** [www.bibel.no](http://www.bibel.no)**KYRKJEBLAD FOR VAKSDAL**

Utgjevar: Sokneråda i Vaksdal

Bladpengar: kr 250,-

Annonsepris: kr 3,- pr. sp.

Avgiftsfritt.

Bankgiro: 3500.07.05800

**Bladstyrar:**

Kyrkjeverja i Vaksdal

**Grafisk utforming:**

VaksdalPosten

**Kasserar:**

Vaksdal Kyrkjelege Fellesråd,

boks 113, 5721 Dalekvam

**Eksp. og trykk:**

Riss Grafisk AS,

5610 Øystese.

Tlf. 56 55 36 50

**Retur til:** Kyrjekontoret

for Vaksdal, Pb. 113,

5721 Dalekvam

**Stoff til neste nr. må vera kome inn til 14. november.**



## Perla

**«Like eins er himmelriket likt ein kjøpmann som leita etter vakre perler. Då han fann ei svært verdfull perle, gjekk han bort og selde alt det han eigde, og kjøpte henne.»**

Du er den vakre perla som kjøpmannen selgde alt han eigde for å få tak i. Det er evangeliet. Gud er lik ein kjøpmann som samler på vakre perler. Han går rundt til perlefiskarane som dykker på havets botn for å få tak i dei mest verdfulle perlene.

I klassisk gresk og romersk mytologi var havet likt med dødsriket, der sjøguden Hades hersket. No er det stor forskjell på jødisk-kristen tro og den tro og mytologi som hersket i det romerske imperium. Men folk kjente til tankene, og vi skal ikkje sjå bort i frå at Jesus i sin forkynning og hadde eit blick mot folketruoen som omkransa dei. Han nytta det kjende når han skulle vise kva himmelriket er. Jesus snakka om Himmelriket i likningar. Slik viste han kva himmelen er, og fyrst og fremst Gud i sin storleik i møte med menneska. Som Guds son vart Jesus sendt til jorda for å vere ei løysepeng som skulle kjøpe fri menneska frå synden og døden, dei tinga som heldt dei borte frå Gud. Han døydde så vi skulle

gå fri. Kjøpmannen som selde alt han eigde er den same som han so ikkje sparte sin eigen Son. Ja, med slik stor kjærleik søkjer han dei som var fortapte, at han sender sin Son til havsens djup, ja heilt i dødsriket for å redde dei. Slik det står i vesle bibelen: For så elska Gud verda at han gav Son sin, den einborne, så kvar den som trur på han, ikkje skal gå fortapt, men ha evig liv.

Likninga har sjølvsagt eit dobbelt sikte slik som dei så ofte har. Dei er eit bilde på at vi og skal vere som kjøpmannen som sel alt vi har for å få den verdifulle perla som evangeliet om Jesus Kristus er. Men denne gongen ville eg fokusere på at evangeliet handlar om å verte funne og at me er tekne hand om av Den kjærlege himmelske Far og Son hans, Jesus. Det er på same måte som gjetaren som leitte etter sauene, og kvinna som leitte etter mynten. Dei gav seg ikkje før dei fann det dei lette etter. Så verdifull er du i Herren sine auge. Det er han som har skapt deg, ja forma deg i mors liv. Han vil for alt i verda ikkje misse deg, si verdifulle perle. Du er høgt elska og verdsett. Lar du deg finne og vinne av han som ikkje sparer seg sjølv for å gi deg det evige livet? Ingen har større kjærleik enn han.

**Med helsing  
Edvard Bø**

# Endringar i staben

Einar Mjelde slutta i stillinga si som kyrkjetenar i Vaksdal 1/6-2017. Me nyttar høve til å takka Einar for tida han har vore kyrkjetenar og arbeidet han har lagt ned i kyrkja i Vaksdal. Me har tilsett **Ottar Dal-seid** som kyrkjetenar i Dale og Vaksdal kyrkje. Ottar er 64 år gammal og har mellom anna hatt fleire verv og stillingar innanfor det kristne arbeidet. Ottar er ein nevenyttig mann og har også sagt seg villig til å gjera enklare vedlikehaldsoppgåver i kyrkjene.



**James Reed** er tilsett som kantor i 100% stilling. James er 37 år, kjem frå England og har bakgrunnen sin frå fleire forskjellige kyrkjer i London, mellom anna Westminster Abbey. Han har jobba i Norge sidan 2009 og har dette siste året jobba som kantor i Voss. James byrjar i stillinga si i september og tar over etter Frode Vik. James skal mellom anna dirigere koret Kilden.



**Organist Anton Proskurnin** er tilsett i 50% stilling som kyrkjemusikar. Anton er 40 år gammal og kjem frå Russland. Han er utdanna musikk lærar på piano og gitar frå Murmansk. Anton har dei siste åra fungert som organist i Askvoll. Anton har også jobba i kulturskulen som mellom anna pianolærer. Anton byrjar hjå oss i november.



Me er svært glade for å ha klart å finna dyktige musikkarar som kan fylla stillingane som kyrkjemusikkarar i Vaksdal. Anton leiter etter husvære til leige i Vaksdal. Om det er nokon som leiger ut er dei velkommen til å ta kontakt med kyrkjekontoret.



## KYRKJA I VAKSDAL

- VEGEN I VAKSDAL (TRUSOPPLERINGA)
- KYRKJENE I VAKSDAL
- BERGSDALEN KYRKJE

Det finst og andre sider med og om kyrkjene i Vaksdal, men dei er generert av andre, til dømes Facebook sjølv.

## Studiepermisjon

Sokneprest Frode Kvamsøe har studiepermisjon i tida 28. august til 17. november. Då skal han ta ei pastoralklinisk vidareutdanning ved Haraldsplass Diakonale Sykehus i Bergen, og enkelt sagt er dette ei vidareutdanning innan sjelesorg. I permisjonstida vil han med få unntak vere heilt ute av tenesta i kyrkjelydane i Vaksdal, og har til dømes ikkje gravferd og vigsel.

**Jostein Skutlaberg** vert



vikar i full stilling i Kvamsøe sin permisjon. Han er 65 år, og bur i Øystese. Han er gift med Liv, og har fire born og fire barneborn. Skutlaberg er utdanna ved Misjonsskolen i Oslo, og seinare ved Menighetsfakultetet. Han har vore misjonær i Japan i om lag 15 år, vore undervisningskonsulent i Indremisjonsforbundet, og vore prest i mange år - både i vårt prosti og andre stader i landet. I sommar vart han

tilsett som prostiprest her i Hardanger og Voss prosti, og skal altså vere i Vaksdal i dei 12 vekene Kvamsøe har permisjon.

Skutlaberg har kontor plass på Kyrkjekontoret, men utan fast kontortid. Han kan kontaktast direkte eller via Kyrkjekontoret.

Kontaktinformasjon: Mobil: 404 66 937 / E-post: jostein.skutlaberg@voss.kyrkja.no



# Min salme

Denne sida har eg ofte lese i Kyrkjebladet, men eg har aldri konkludert med kva for ein salme som kunne vere «Min salme». Eg tek likevel utfordringa då Eidrun Straume Nor-mann sende stafetten til meg.

Etter å ha budd mange år i same hus som min kjære svigerfar, organisten Asbjørn Nese, har eg ofte høyrte salmemelodiar gjennom veggen. Eg trur aldri organisten møtte ubudd til spe-lejobb i kyrkja. Mest av alt saknar eg Asbjørn, men også salmeongen i huset vårt har stilna no. Asbjørn etterlet seg ei stor stillheit.

Ulik song og musikk med kristent budskap har følgt meg utifrå alder, miljø og erfaringar i livet. Barnesongar på søndagsskulen, Ten-sing, korsong, lovsong, kristenrock, gospel og salmar...Men å velje ein salme?

På folkehøgskulen på Frekhaug blei eg veldig glad i «Der det nye livet lever» av Vidar Kris-tensen. Songen tok eg med meg til Eksingeda-len, og eg og Asbjørn øvde han inn med song-glade jenter i dalen. Dirigent har eg aldri vore, men eg stod framfor jentene og veiva medan Asbjørn spelte piano og stødig heldt takta. Men er songen min ein salme? Eg hugsar diskusjonar mellom Asbjørn og min eigen far. Kyrkjemusikk av ulikt slag hadde dei begge både glede og sans for, sjølv om dei kunne velje seg ulike favoritt-salmar. Og no står «Der det nye livet lever» i den nye salmeboka i alle fall.

Salmen eg no vel å dele med dykk har betydd mykje for meg i tunge stunder. Det er; «Lær meg å kjenne dine veier» av Jakob Pauli og salmen lærte eg i Frikyrkjekoret i Ørsta. Skuleåret 1985/86 gjekk eg Idrett og-friluftslivslinja på Volda Lærarhøgskule, og eg song i Frikyrkjekoret på tysdagskveldane. Det lære-rike og flotte skuleåret vart for alltid prega av den vonde snørasulukka vi opplevde, der to av mine beste skuleveninner omkom. Siste linja i første verset lyder « .., og for hvert håp som dør her nede, får jeg et håp i himlen mer.» Desse orda gav meg trøyst i saknet av to gode

veninner som vart rivne vekk. Dette er første gong eg kan hugse at ein salmetekst har betydd noko spesielt for meg.

Teksten i salmen har seinare dukka opp i tankane mine når livet har bode på utfordringar. Kva skjer no? Kvifor skjer dette? Kva er mi oppgave no? Kva er mitt ansvar her? Kva kan eg gjere for å betre si-tuasjonen? I andre verset står det « ...og når i angst mitt hjerte banker, da må du kalle motet frem». Sli-ke ord kan hjelpe meg både i bilen over Nesheims-fjellet i vind og snøføyke, eller når sjukdom råkar. Guds grenselause kjærleik gjev meg håp. Kva veg har Gud tenkt for meg? Eg håper å kunne dele av min kjærleik i min kvardag slik at andre får oppleve gode dagar.

Salmen står på nr. 319 i den nye Norsk salmebok.

**1. Lær meg å kjenn dine veier  
og gå dem trøstig skritt for skritt!**  
*Jeg vet at hva jeg fikk i eie,  
er borget gods, og alt er ditt.  
Men vil din sterke hånd meg lede,  
jeg aldri feil på målet ser,  
og for hvert håp som dør her nede,  
får jeg et håp i himlen mer.*

**2. Lær meg å kjenne dine tanker  
og øves i å tenke dem!**  
*Og når i angst mitt hjerte banker,  
da må du kalle motet frem.\*  
Når jeg har tenkt meg trett til døden,  
si så hva du har tenkt, o Gud!  
Da kan jeg se at morgonrøden  
bak tvil og vånede veller ut.*

**3. Men lær meg frem for alt å kjenne  
din grenseløse kjærlighet,  
den som kan tusen stjerner tenne  
når lykkens sol for meg går ned.  
Den tørrer tåren som den skapte,  
og leger såret som den slo.  
Dens vei går gjennom det vi tapte,  
den gir oss mere enn den tok.**

**Eg vil gjerne sende stafettspinnen vidare  
til Gøril Kvinge Nesheim.**



# Café Stationene på Voss med James

James har ein svært variert stadserfaring som kyrkjemusikar, noko han meiner gjev han ein stor fordel når han no byrjar i Vaksdal. Etter han var ferdig utdanna innan musikk på Stanford, oppheldt han seg og jobba dei neste fem åra i Amerika. Med jobberfaring frå blant anna Odda, Vik og Lurøy etter det, har han endeleg valt å takka ja til ein fast stilling hjå oss i Vaksdal.

## Kvifor bestemte du deg for å bli kyrkjemusikar?

For mange år sidan blei eg overtalt til å rette meg mot kyrkjemusikk mens eg allereie studerte piano ved Stanford.

## Så dette var den mest attraktive moglegheita?

Nei, det skjedde på grunn av besteforeldra mine som eg budde hos i helgane mens eg studerte. Dei var utan musikar i si kyrkje og eg blei dermed meld opp som frivillig.

## Har du noko du ynskjer å utprega gjennom musikken din, eventuelt noko som inspirerer deg?

Eg har egentlig ikkje noko spesifikt eg ynskjer å formidla på denne måten, det handlar meir om fleksibilitet ved å sjå kva kyrkjelyden treng. Eg har ingen forventing om på kva måte ting skal gjerast på.

## Men du spelar musikk med ei religiøs hensikt, er det kanskje noko bak dette utpreget?

Vel, eg er kristen. Men du kan tenkja meir på det som eit trusoppdrag. Det er ikkje slik at eg ynskjer å fokusere på Johan Sebastian Bach med perfektjon. Det handlar meir om den vide oppgåva som blir tildelt gjennom kyrkja.

## Så det er ingen formidling i musikken din?

Det er alt ein del av eit kristen budskap, men det er ingenting eg ynskjer å prestere profesjonelt som musikar. Det handlar om å levera det som er nødvendig i Vaksdal. Svært mange kjem med ein tankegang om at alt skal vera svart eller kvitt og gjerast på deira eigen måte. Dette ender som oftast i katastrofe. Det viktigaste er at du er fleksibel til kva kyrkjelydane treng.



James Reed.

## Særleg sidan du tidlegare har jobba i Westminster Abbey?

Å tvinge dei strenge normene inn i eit norsk samfunn er nærmast uopnåeleg. Skilnadane er store. Men det er også stor forskjell mellom kyrkjene i nærområdet i Noreg. Det som fungerer på Voss vil nødvendigvis ikkje vera den rette måten å gjera noko i Vaksdal.

## Er det nokre aspekt ved jobben du likar betre i Noreg kontra Amerika?

Eg set pris på det at kyrkjene her er velkommen for alle, mens dei i tillegg prøver å leggje til rette for alle menneska i eit samfunn. Etersom kyrkjene i Amerika aldri har vore ein del av staten er oppsettet svært annleis. Her er dei mykje meir fokusert på sin eigen meining og egne medlem.

Det isolerer og kan følast litt klaustrofobisk til tider. Det gjev ein avgrensa moglegheit til å møte nye menneske.

## Så det faktum at ein kan gå frå ei kyrkje til den neste i Noreg er eit betre tilbod?

Ja, absolutt! Viss du skal på teneste i Noreg har du moglegheitene framfor deg. I Amerika er det meir av ein "me ynskjer ingenting med deg å gjera", politikk. Her er dei også mykje meir uttrykande om trua si. I Noreg derimot er det den kristne trua underleggjande. Sjølv om ein ikkje går i kyrkja kvar søndag kan du fortsatt vera religiøs. Men i Amerika må man vise eit sterkt utpreg for å bli oppfatta som religiøs.

## Kva er forholdet ditt til den kristne trua?

Vel, eg er kristen. Eg er eit

medlem av Den Norske Kyrkja. Det var litt trist å seie meg opp frå kyrkja i England, men Noreg og England har eit relativt godt forhold mellom medlemmane sine, noko som vil seie at eg ikkje har forlate kyrkja for godt.

## Men eg har inntrykk av at du er ganske fleksibel med trua di, er dette sant?

Hovudsakelig ynskjer eg at folk som vil vera i kyrkja skal få vera der. Eg vil at dei skal ha ei hyggelig tid der og å komme til kyrkja med gode hensikter. Dette fokuset på kvantitet ligger ikkje i mi hensikt. Eg vil mykje heller ha 30 medlemmer til stades som vil vera der, enn 300 medlemmer som sitter på telefonane sine gjennom tenesta.



# es Reed

## Fortel meg litt om arbeidet ditt med kor.

For augneblikket har eg to kor og fortsatt leidar i England, som foreløpig er under vikariat. Eg hadde egentlig berre planar om å være på Voss i 6 månadar, nesten som sommarvikar. Men vikariatet i England gjekk ikkje så bra. Her leidar du 55 medlemmer som synger månadleg i ulike katedralar.

## Så du har fortsatt å jobba med dei?

Ja, men det er ikkje meint at eg skal gjera detta. Men som sagt har vikariatet der gått dårlig, og eg har under ulike omstende måtta kasta meg på fly i siste liten. I tillegg har eg eit mindre felleskor som har klart seg på eige hand. Men eg har sendt oppseiing til begge kora tidligare i dag.

## Så du måtte gje dei opp til slutt?

Ja, sidan eg har planar om å halde meg permanent i Vaksdal no er det lite gunstig å gjera arbeid i utlandet, der eg helst burde vera til stades.

## Så du skal starte arbeid i koret her no?

Ja, sidan dei allereie har kor her (Kilden), som Tone jobba med før, skal eg ta over ansvaret for dette.

## Har du møtt utfordringar med korarbeidet tidligare?

Frå mitt perspektiv er det sosiale og det musikalske like viktig. Sjølv om medlem er talentfulle og villige må dei fortsatt trivest i miljøet dei er i. Nokon av kollegaene mine frå tidligare blei svært frustrerte når nokon individ ikkje brydde seg like mykje om musikken. Men for at det i det heile tatt skal være eit kor må det sosiale vera like prioritert. Visst det blir ekskludert vil det ikkje lenger vera eit kor. Når vi hadde behov for hjelp med førebering eller papirarbeid ynskjer ingen å melde seg frivillig. Derimot visst det var ansvar for kaffi og kake ville alle delta. "Å jada, vi

trenger kaffi og kake, dette er svært viktig." Men eg hadde dei same tendensane som kollegaene mine når eg først blei ferdig utdanna. Eg trudde også at alt handla om musikken. Det tok ikkje lang tid før eg oppdaga at dei fleste var der for det sosiale aspektet.

## Men dette er vel relevant til kyrkja generelt også?

Det er korrekt. Du treng ikkje vera religiøs for å komme i kyrkja. Det står ingen stader i bibelen at du må møte i ein kyrkje laga av marmor og sitte stille på flisete tre benkar. Det er vel svært viktig, særleg på Vestlandet der vèret ofte isolerer ein. Å ha moglegheitene på dei sosiale møta kyrkja tilbyr kan ha stor innflytelse på nærområdet. Eg meiner at det sosiale er veldig viktig i kyrkja. Særleg ved Voss fant eg at fleire menneske møtte til kaffi og kaker enn tenester.

*"Du treng ikkje vera religiøs for å komme i kyrkja".*

## Når og kvar kom du i møte med jobben som kyrkjemusikar i Vaksdal?

Eg har hatt svært mange samtaler om jobben så eg huskar ikkje kvar det først kom opp. Men eg leita aldri etter noko permanent i Noreg. Vintrane er litt tunge for min smak. Så eg ser ikkje fram til dette. Men det som er fint med å være kyrkjemusikar på denne tida av året er du alltid eroppteken. Men ein nær venn av meg fant først ein annonse om jobben på Voss. Eg ynskja ikkje ta denne jobben med det første på grunn av vinteren. Annonsen kom opp igjen seinare og eg blei overtalt til å søkja. Hovudsakelig ville eg berre jobba som sommarvikar, som sagt. I og med at det berre var eit vikariat kunne eg forholde meg til ansvaret der. Men dei ynskte å behalda meg lenger etterpå.

Derfor valde eg å overleve ein vinter. Men det handla og om all endringane som er blitt gjort med jobben.

## Kva tenkjar du på?

På generell basis er kyrkja i konstant endring. Det er mange endringar gjort på kort tid. Dette er noko kyrkjemusikarar finn stressande.

## Kvifor trur du dette har skjedd?

Dei prøvar å endra kyrkjas leveranse for å nå ut til fleire. Den Norske Kyrkja fokuserer meir på kvantitet i høve av det som blir utlevert. Kyrkjas struktur er viktig for dei regelmessige deltakarane, men og for at folk skal komme tilbake i seinare tid. Du veit kva du har å forvente i kyrkja. Men kyrkjemusikken ser ut til å fokusere på relevansen. Relevant til kven, tenkjar eg? Til dei unge? Men dei er som oftast ikkje til stades. Det er litt som å spela musikk til 70-80 åringer på diskotek. Dei må jo faktisk vera der for at det skal bli relevant. Det gjennomsnittlege vaksne menneske går i kyrkja 2-3 gongar i året. Her veit dei kva dei har å forventa. Men visst kyrkja er i konstant endring vil ikkje folk kunne kjenne igjen det lenger. Vi er litt for fokusert på populær kultur, som ein kollega av meg omtalte. Eg er einig. Når det berre er ei kyrkje nær deg, burde du kunne komme til ein trygg omgavast der du veit kva du har å forventa.

## Var det berre piano eller hadde du interesse for eit anna instrument?

Vel, eg måtte studere to instrument under musikkutdanninga mi. Så eg prøvde meg først på fiolin. Dette var eg flaut dårlig på, så etter seks månadar kom dei opp og spurte om eg ikkje ville bytta til noko anna. Men eg hadde ikkje interesse for å spela fiolin i første omgang, men de ynskjer at eg skal spela endå eit instrument eg ikkje bryr meg om. Eg tenkte med meg

sjølv: Greitt, eg får vel prøva å læra meg bratsj då. Same historie. Etter 6 månadar fortalte dei meg at eg burde prøva eit instrument utan strenger. Så eg gjekk over til klarinett. Like elendig. Etter 6 månadar gav dei opp, for det nærma seg slutten på studiane. Dei kom til konklusjonen at eg ikkje kom til å prestere på eit anna instrument enn pianoet.

## Så i teorien kan du spela fleire instrumenter då?

I teorien kan eg spela fiolin, bratsj og klarinett, ja. Eg likar å seia at eg har "erfaring" innan desse instrumenta.

## Hadde du ein musikalsk familie i oppveksten?

Eg er ikkje heilt sikker på kvar det kjem frå. Faren min elska klassisk musikk, men han har ingen praktiske eigenskapar med instrument. Ikkje at det stoppa han frå å seie korleis eg burde spela ting. Når det kommer til kva eg gjer er han ekspert. Søstera mi har heller ingen interesse for musikk, utan om kva som er populær i dag, for eksempel Spice Girls. Du legg vel kanskje merke til at eg ikkje har mykje innsikt i kva som er populærmusikk i dag? Vi presterte alle samen høgt i kvar våre felt. Ein fokusert og variert familiekultur.

## Er det noko du ynskjer å prestere eller utrette mens du jobbar i Vaksdal?

Eg har ikkje sett meg noko spesifikke mål. Det er betre at eg tilpassar meg miljøet først og at vi saman kan finne eit fellesmål med medlemene etterkvart. Eg vil lytta på kva dei ynskjer og utrette med beste evne det som trengs.

**Sebastian Faugstad**  
Sebastian (20) er fødd og oppvaksen på Dale. Han studerar journalistikk ved Edinburgh Napier University, og har bakgrunnsrøysle frå studentradio og lokalaviser.





Desse sidene er avsett til trusopplæringa i Vaksdal, som me kallar Vegen i Vaksdal. Det er sjølvsagt livs- og trusvegen det handlar om, og målet om at alle som er døypte eller tilhøyrande Den Norske Kyrkja skal bli invitert til eit tilbod i kyrkja sin regi minst ein gong i året, til dei fyller 18 år.

Fylg *Vegen i Vaksdal* på Facebook! 



## Segltur på Stamnes

Årets tolvåringar var 19. august inviterte til segltur på Stamnes, med Brørvikaskuta. Skuta vert drifta av det dyktige «Skutefolket», ein engasjert gjeng med friviljuge folk som har tilknytning til Stamnesbygda. Det er veldig kjekt at me kan ha eit samarbeid med Skutefolket om denne turen, som me håpar kan vera

eit årleg tiltak for tolvåringar. Me var veldig spente på veret denne dagen, men regnet heldt seg stort sett vekke heilt til me skulle heim att! Ni tolvåringar fekk prøvd seg på å ro med digre årer, heisa segl, styra skuta og fiska litt innimellom. Kristin fortalte eit par forteljingar frå bibelen, der handlinga føregjekk i

båtar som ikkje var heilt ulike Brørvikaskuta, berre kortare og smalare. Settinga rundt gjorde sitt til at forteljingane vart meir levande enn om me hadde høyrte dei same i kyrkja. Me var òg i land på Kvamsholmen, der me grilla pølser, fekk brus og hadde nokre leikar. I tillegg fekk me høyra noko fint og spesielt:

Ben Nordby i Skutefolket som spelte salmar med nydelege tonar - på sag! Fleire av tolvåringane prøvde seg på sagspeling, og klarte å laga lyd i saga, spennande! Det spør om ikkje fleire sager i Vaksdal får ein ny funksjon etter denne turen...



## Skulevegensamlingar på Vaksdal, Dale og Stamnes

Kyrkja er ofte ein stad folk kjem til i viktige overgangar i livet, og me tenkjer at skulestart òg er ein slik viktig overgang, både for nye fyrsteklassingar og foreldra deira. Difor er det mange kyrkjelydar som inviterer til markering av skulestart for fyrsteklassingar, og det har me gjort i kyrkjene i Vaksdal òg i nokre år. I år var/er det slike gudstenester på Vaksdal 20. august, Dale 27. august og Stamnes 3. september. Borna får kvar si bok, og me ber for skulestarten og dei nye elevane under desse gudstenestene.

### Skulestart-gudsteneste

Fem kjekke fyrsteklassingar fekk kvar si bok under gudstenesta på Vaksdal 20. august. Gudstenesta var tilpassa denne aldersgruppa, med barnesongar og ei enkel preike. Etter gudstenesta var det kyrkjesaft og bollar, og fleire av fyrsteklassingane las visst ut bøkene sine før dei gjekk heim att! Ei fin stund i kyrkja denne søndagen.



Fem fyrsteklassingar som fekk bok, saman med trusopplærar Kristin.

## Kva skjer på VEGEN framover?

### Babysong, lunsjtreff og småbornssong på Dale og Vaksdal

I haust vert det babysong (kl. 10-11), lunsjtreff (kl.11-12) og småbornssong (kl. 12-13) på Dale og Vaksdal på torsdagar. Me startar opp torsdag 31. august i Dale bedehus fyrst, og er i Dale bedehus alle torsdagane i september, pluss 5.oktober. I Vaksdal kyrkje startar me opp 19.oktober og har samlingar kvar torsdag ut november. Håpar på å sjå både kjende og nye fjes, alle er hjarteleg velkomne! Fylg med på facebook-sida «Babysong, lunsjtreff og småbornssong i Vaksdal» for oppdatert informasjon om samlingane, som alle er leia av trusopplærar Kristin Straume Audestad.



### Baby- og småbornssong på Stamnes og i Eksingedalen

Også i haust vert det samlingar med kombinert baby- og småbornssong for born 0-5 år på Stamnes og i Eksingedalen. På Stamnes samlast me i bedehuskjellaren mellom kl. 10 og 12 ein måndag i månaden, desse datoane: 4.september, 2.oktober, 6.november og 4.desember. I Eksingedalen vert samlinga i sakristiet i Eksingedalen kyrkje den 22.oktober kl. 15-16, med kyrkjekaffi etterpå saman med dei som har vore på gudsteneste.

Foto: Stine Strand Carlsen

### Kor-dag i Bergsdalen

Niåringane vert i år invitert til noko litt nytt i Bergsdalen. Sidan kortilbodet til borna framleis ligg nede på Dale og Vaksdal, vil me invitera til ei korøving med påfølgjande framføring i Bergsdalen kyrkje under Bergsdalsstemnet! Niåringane er særskilt inviterte, men alle born som kjem får vera med i koret.




Foto: Angelin Vaksdal

### Utdeling av Nytestamentet på Stamnes, Vaksdal og Eidsland

Tiåringane på Stamnes, Vaksdal og Eidsland skal få Nytestamentet i haust. På Stamnes skjer det på gudstenesta den 15. oktober klokka 16, og på Vaksdal vert tiåringane invitert til å få bøkene under gudstenesta 12.november klokka 11. På Eidsland vert det òg utdeling av Nytestamentet, men det er ikkje heilt setla kortid denne utdelinga blir.

### Samlingar og utdeling av bok til 4-åringar

Fireåringane vert inviterte til to ting i haust. Både ei gudsteneste der dei får fireårsboka, og så til ei eller to samlingar der me syng litt og lagar kvar sin julekalender. Datoane for samlingane er ikkje bestemt endå, men gudstenestene med utdeling av boka vert slik: Eksingedalen 22.oktober, Stamnes 4.november, Vaksdal 12.november, Dale 19. november.





## Tankar frå trusopplæraren

Då er me i gong igjen, og ferien fauk forbi som vanleg. Eventuelt sigla forbi, det var ikkje akkurat så veldig solfylt der eg var i alle fall. Uansett så er det godt med litt avbrekk frå rutiner og slikt, så lenge at ein kjenner det er godt å koma inn i dei igjen... Før sommaren vart trusopplæringsplanane for bygdene våre endeleg godkjende, og det var ei lette! Det har teke tid å utarbeida planar som ikkje berre såg fine ut på papiret, men som faktisk fungerte reellt i bygdene våre. Dette medfører blant anna at dei med lengst køyreveg (primært Eksingedalen) må få eigne tiltak, sidan me ikkje kan rekna med at dei til dømes har sjans til å køyra 1,5 time ein veg for å vera med på noko som hender på Vaksdal.

Når no planane er godkjende, er eg klar for å endra ein del på dei. Eg ser kva tiltak som fungerer, og kva tiltak som har få eller ingen deltakarar. Når det



gjeldt dei siste, går det ein balanseveg på kor lenge me skal ha «is i magen» og satsa på at fleire kjem når opplegget har rulla og gått nokre år, og kortid me evt. skal tenkja nytt og laga andre opplegg som når målgruppa betre. Me ynskjer jo å gjennomføra aktivitetar som både born og foreldre og medarbeidarar merkar dei får noko ut av og noko igjen for, og som verkar

relevant. Men det er ikkje alltid så lett å vita kvifor noko ikkje fengar. Eg prøver å tenkja at det ikkje er eg sjølv som er problemet, sjølv om eg alltid har hatt ein lei tendens til å skulda på meg sjølv når ting ikkje går slik eg hadde håpt... Eg veit at mange har fleire aktivitetar både på ettermiddagstid og i helgene, og at opplegga våre då kan bli noko som kjem «på top-

pen av alt», og ikkje verkar spennande nok å bruka tid og energi på. Om borna har lyst, er det jo ofte foreldra det blir styr for, med køyring og slikt, og det har eg full forståing for, eg har eit par-tre stk eg køyrer hit og dit sjølv (eller let vera å køyra, alt etter som...). Og så håpar eg ikkje det er slik at folk får dårleg samvit om det ikkje passar for dei å koma på det me arrangerer. Me går ikkje og fundrer over kven som ikkje dukka opp, men er glade for dei som kjem! Når få kjem, tek me det som ein peikepinn på at me etter kvart bør tenkja annleis, men me er glade for konstruktive tilbakemeldingar, og håpar at folk opplever at noko av det me arrangerer òg kan vera pustepausar og energipåfyll i travle kvardagar.

Då står det berre att å ynskja velkomen til alle tiltaka me arrangerer i haust! Eg gler meg til å treffa både små og store rundtom i bygdene!

**Kristin**

## Trusopplæringsplanar for sokna i Vaksdal

I fleire år har det vore jobba med å laga komplette «Trusopplæringsplanar» for sokna i Vaksdal. Det handlar om å systematisera at dei som er døypte og tilhøyrande i kyrkjene våre på ulike måtar skal få innsyn i kva tru handlar om. Høyra bibelforteljingar, syngja både tradisjonelle og nyare kristne songar, og snakka om den kristne trua med andre som trur.

Slik blir dei rusta til å ta sitt eige val når det gjeldt tru. Men det handlar òg om fellesskap, venskap og ein plass å høyra til. Me ynskjer å visa at kyrkjene og miljøa ein møter der, er trygge stadar der alle kan finna sin eigen plass og kjenna tilhøyrslø. At me har noko som bind oss saman som er større enn oss sjølve, og at dette «noko» ikkje er kva eller kven som

helst, men ein kjærleg Gud som vil oss vel. Trusopplæringsplanane er no godkjend, og me presenterer hovudtrekka her. Dette er altså tilbod som alle som er medlemmar eller tilhøyrande (føreset er medlem) i kyrkjene får invitasjon til, men det er ope for alle i dei aktuelle aldergruppene, og me håpar at alle kjenner seg velkomne på aktivitetane

våre. Det er sjølvsagt alltid rom for forbetringar, og me prøver å kontinuerleg gjera tilbodet vårt så godt som mogleg, innanfor dei rammene me har. Vidare kjem ei oversikt over tilboda me har i kyrkjene her hjå oss. Alle er ikkje heilt sette i verk endå, men me håpar å få på plass det meste i løpet av det neste året.





## Aktivitetar 0-6 år

Babysong, Lunsjtreff og Småbarnssong  
Nesten kvar torsdag arrangerer me  
babysong, lunsjtreff og småbarnssong på  
Dale eller Vaksdal. Sjå fb-gruppa  
«*Babysong, Lunsjtreff og Småbarnssong i  
Vaksdal*» for meir info.

0-1 år: Babysong kl 10-11. (opplegg startar 10.20)

0-5 år: Lunsjtreff kl.11-12

1-5 år: Småbarnssong kl.12-13

*Baby- og småbarnssong er på Stamnes ein dag i  
månaden, og i Eksingedalen to gongar årleg.*

3: Søndagsskulesamling

Alle treåringane vert invitert til ei kjekk  
samling på den næraste søndagsskulen  
sin.

4 : Utdeling av fireårsbok og samlingar  
Utdeling av fireårsbok skjer stort sett på  
hausten, og knytt til den blir det 1-2  
samlingar der ein lagar julekalender.

5 : Gudsteneste på Skipshelleren  
Utegudsteneste i mai på Straume, her vert  
det mat og leikar etter gudstenesta.

6: Skulevegenstart

Seksåringane vert inviterte til samlingar  
lokalt i samband med skulestart.



## Aktivitetar 12-18 år

12: Segltur på Stamnes  
Saman med Skutefolket inviterer me i  
august til fiske- og segltur med  
Brørvikaskuta på Stamnes. Dette kan bli  
ein spennande seilas!

13 og 14: Ungdomsleir på Fagertun  
Me ynskjer å invitera 13- og 14-åringane til  
ungdomsleir på Fagertun, i samarbeid med  
Norges Samemisjon.

## Aktivitetar 7-11 år

7: Borna sin påskedag

Ein går gjennom dei sentrale dagane i  
påskeveka på ein spennande og meir  
konkret måte, via ulike postar.

8: Tårnagenthelg i Vaksdal kyrkje

Som åtteåringar vert ein tidleg på året  
invitert til å vera tårnagentar i Vaksdal  
kyrkje. Dette er ei kjekk og spennande  
helg!

---

«*Barnet mitt var strålande  
nøgd etter Tårnagenthelg*»  
(Mor)

---

9: Bergsdalsstemna

I og rundt kyrkja på Lid vert det ulike  
aktivitetar knytt til Bergsdalsstemna.



10: Leir og utdeling av Nytestamentet  
Tiåringane vert inviterte til leir på  
Fagertun, og får Nytestamentet lokalt i  
sine kyrkjer.

11: Lys Vaken i Dale kyrkje

Tidleg på året vert det Lys Vaken-helg med  
aktivitetar og overnatting i Dale kyrkje.

15: Konfirmasjon

Konfirmasjonstida er ei spennande tid, og  
konfirmantane skal vera med på mange  
aktivitetar. Me har tradisjon for å reisa på  
leir på Fagertun og på nattcup i Bergen, i  
tillegg til undervisning og refleksjon rundt  
ulike tema knytt til det å vera ein kristen.

16 -18: Reunion og leiar på ungdomsleir  
Fjorårets konfirmantar får tilbod om  
reunion i januar, der ein har kjekke  
aktivitetar mimrar om konfetida. Ein får òg  
tilbod om å vera med som leiar på  
ungdomsleir i mars.

# Reformasjonsjubileet

31. oktober 2017 er det 500 år sidan Martin Luther offentleggjorde dei 95 tesane sine mot kommersialisering av avlat. Dette vert rekna som starten på det som utvikla seg til den lutherske reformasjonen av kyrkja.

I 2017 vil lutherske kyrkjer og andre kyrkjefamfunn over heile verda markera hendinga på ulike måter. Den norske kyrkja starta feiringa med eit stort arrangement i Bergen i vår, men feiringa vil fortsette lokalt med ulike lokale arrangement utover hausten fram mot ei Nasjonal gudsteneste i Nidarosdomen på sjølve reformasjonsdagen som vert TV-overført. Byen Wittenberg i Tyskland, der Luther virka som professor på det lokale universitet, vil

vere samlingspunktet for den internasjonale feiringa med stor tilstrøyming, og med TV-overført program. Det er i tilknytning til dei tyske Kirkedagane i Berlin og ulike reformasjonsbyar i Tyskland.

Den Norske kyrkja har sett Nåde som hovudtemaet for feiringa i vårt land, med tre undertema: Frelsa er ikkje til sals, Menneske er ikkje til sals og Skaparverket er ikkje til sals. Desse tema vil få fokus på fire temagudstener i løpet av hausten på desse datoane: 27. august, 17. september, 15. oktober og 19. november. Gudstenestene vert tilpassa dei lokale gudstenesteplanane og gudstenestens art.

## LutherJazz

Lokalt vil me feira Jubileet med Lutherjazz. Det er Olav Arne Steinkopf som har arrangert og komponert ny musikk i jazztoner til gamle Luthersalmar.

Salmane var ein viktig reidskap for å fremje evangeliet i dei reformerte kyrkjene på 1500-talet, der Luther sjølv henta folkelege melodiar frå kneipene, når han skreiv salmane sine. Så me er i god tradisjon når det her skjer ei fornying av tonespråket. Det var Eilert Tøsse i Samnanger som tok initiativet og hyra Olav Arne, som heller ikkje var vond å be. Han har jo tidlegare hatt stor suksess med BjerkeheimJazz. LutherJazz er skrevet for 4-stemmig kor, solister og jazzband. Salmane er henta frå den nye salmeboken. Luther sine tekster har fått nye melodier og nye arrangementer. Musikken har eit spenn frå rolege jazz-ballader til Latin-amerikanske rytmer og funk. På tvers av soknegrenser i området vert det i haust skipa eit prosjektkor under leiing av Anne Lise Tøsse, som vil

øve fram mot fire konsertar i ulike stader. Framføringane vert over to helger desse stadene og tidene:


**Fredag 20. oktober i Haga kyrkje (Samnanger) kl 19.30.**

**Laurdag 21. oktober i Eikelandssosen bedehus (Fusa) kl 17.00.**

**Laurdag 28. oktober i Arna kyrkje kl 17.00.**

**Søndag 29. oktober i Dale kyrkje kl 19.00.**

Det vil vere mogeleg for songglade personar å henge seg på og vere med på prosjektet, sjølv om dei ikkje er med i eitt av songkora frå før. Det vert lokale øvingar knytt til lokale kor. I Vaksdal kommune vil det vere med koret Kilden som har sine øvingar på fredager frå 18 - 20 i Vaksdal kyrkje, samt ei stor



Fellesøving på Vaksdal onsdag 18. oktober kl 18 -21:30. Er du interessert i å vere med ta kontakt med Olav Arne Steinkopf på tlf 47287242 frist 1. september. Så vonar me òg at konsertene vert fullstappa av folk som vil kome å høyre på.



## Friluftsgudstenester



Vaksdal kommune kan by på det meste av natur, og kyrkjelydane vil ut i naturen med gudstenestene sine. Difor var det sett opp sju gudstenester utandørs denne «sesongen» - og det må vel vere Noregsrekord?. Til somme av dei kunne ein køyre heilt fram, til andre var det eit stykke å gå. I skrivande stund er seks av dei sju gudstenestene avhaldne, men berre tre av dei har vore utandørs grunna for dårlege vertilhøve.

Bilete frå Olsokstemna på Leiro. Foto: A. M. Eikefet.


## Kyrkjebøker i Vaksdal

### Kyrkja i dalen (2008)

Nesheim kyrkje 100 år  
111 sider

**NY PRIS kr 150,-**

*Kan kjøpast hos medlemar i soknerådet, eller på kyrkjekontoret.*



### Dei bygde draumen

(2005)

Jubileumsskrift for  
Bergsdalen kyrkje 50 år  
220 sider.

**NY PRIS kr 100,-**

*Kan kjøpast hos medlemar i soknerådet, eller på kyrkjekontoret.*




### Kyrkjestaden Dale

(1996) 100 år, 104 sider

**Kr 50,-**

*Kan kjøpast hos medlemar i soknerådet, eller på kyrkjekontoret.*




### Soga om Stamneskyrkja

(1986) 229 sider **Kr 50,-**

### Jubileumshfte for Stamnes kyrkje

**Kr 100,-** (Perioden 1986-2011)

*Kan kjøpast hos medlemar i soknerådet, eller på kyrkjekontoret.*



## Konfirmantjubileer i kyrkjene i Vaksdal

**Laurdag 16. september** er det konfirmantfest på **Stamnes** kl 18 i Stamnes bedehus. Det gjeld tradisjonen tro både årets konfirmantar og 50-års jublantane frå **Stamnes og Eidsland**. Jublantane møter kl 17 i kyrkja. Dette er ei open bygdefest.

**Søndag 15. oktober** er det fest for 50- og 60-års konfirmantane i **Dale sokn** med gudsteneste i Dale kyrkje kl 11 og samling for jublantane på Dale bedehus etter gudstenesta.

**Søndag 22. oktober** er det fest for 50-års konfirmantane i **Vaksdal sokn**. Dei innbys til gudsteneste kl 11 i Vaksdal kyrkje med påfølgande samling på bedehuset.

**Edvard Bø**



## Bergsdalstunet

Bergsdalstunet  
56 59 89 34

## Alt innan tømrararbeid



**TLF. 922 65 739**



## ATLANTIS

### VVS & INTERIØR

Din lokale Rørlegger i Vaksdal

**☎ 95 97 17 00**



## Nordhordland Begravelsesbyrå AS



**AVD. VAKSDAL:**

**Ann-Elin M. Gullbrå • Tlf. 56 99 25 70**

ME GÅR SAMAN MED DEG HEILE VEGEN.  
PLANLEGGING - BLOMAR - GRAVSTEIN

Tlf. 56 37 14 10 • post@nordh-bb.no • www.nordh-bb.no

**TOMME-**  
**STOKKEN BYGG AS**

Vi har stillas  
med hengjar til leige.

Tlf. 481 44 680

**ARNPRO**

Tlf. 56 53 00 60 • www.arnpro.no



**Liv Anne's AS**

Kafé – Bakeriutsalg – Catering  
5722 Dalekvam - Tlf. 56 59 66 50

Brød og kaker fra Hjelle  
Kaldtbord  
Snitter

Minnesamvære:  
• Dekking  
• Mat  
• Servering

**BKK**

- vi gir morgendagen nye muligheter

**coop  
prix**

Opningstider:  
Mån-laur 8-20  
Søn 12-20

Avd. 405 Dale

5721 Dalekvam - Tlf. 56 59 61 01

**SÆTERDAL  
ELEKTRO**

Me leverer alt innan  
elektrikartenester.  
Tlf. 56 59 43 00

**Effektiv**  
**trafikkopplæring**

Tlf. 913 03 491

geir@effektivtrafikk.no  
www.effektivtrafikk.no

**VAKSDAL BLOMSTER OG  
BEGRAVELSESBYRÅ AS**

Vi ordnar alt vedrørende dødsfall.

*Kransar - Sløyfer -  
Oppsatsar - Bårebukettar*

Mob. 91 17 97 66

**Ve vangen elektriske a/s**

AUTORISERT TELE- OG ELEKTROENTREPRENØR

HAR DU BRUK FOR EIN FAGMANN?

- Elektro svak- og sterkstrøm
- Alarmanlegg
- Teleinstallasjonar
- Brannvarsling
- Adgangskontroll

Tlf. 56 52 36 66      www.vangen-elektriske.no

**GRAVMINNER**



Utstillingen kan sees i butikk.  
Vi lager også modeller etter ønske.

**STEINRIKET  
DALE AS**

• Navntilføyelser • Omslip  
Restaurering • Bolting • Oppretting

Dalegarden • Tlf. 40 61 55 00 • www.steinriket.no



# SLEKTERS GANG



## DØYPTE

### Dale

- 11.06 Emma Emilie Holme  
16.07 Theodor Trohjell Andersen

### Vaksdal

- 02.07 Iselin Aase-Hovlandsdal (døpt i Åsane kirke)

### Stamnes

- 04.06 Johannes Rødskar Stamnes  
Leander Straume  
09.07 Emma-Lineah Kulshamar Knutsen  
(døpt i Alstahaug kirke)  
Karsten-Nikolai Kulshamar Knutsen  
(døpt i Alstahaug kirke)



## VIGDE

### Stamnes

- 24.06 Hege Eide Vik og Stig Erik Angeltveit

### Eksingedalen

- 12.08 Ann-Kristin Fjellanger og Gisle Bjørndal Bjotveit

### Vaksdal

- 26.08 Guro Marie Byrkje og Sindre Amundsen Hansen



## DØDE

### Dale

- |       |   |      |
|-------|---|------|
| 22.05 | Marie Vik   | 1921 |
| 09.06 | Espen Fuhrmeister Johansen<br>(bisett på Møllendal) | 1975 |
| 08.07 | Anna Steinsland                                     | 1928 |
| 22.07 | Øystein Helgesen                                    | 1954 |
| 01.08 | Perly Hansine Faugstad                              | 1929 |
| 16.08 | Olav Espedal<br>(gravlagt i Masfjorden)             | 1937 |

### Eidsland

- |       |                   |      |
|-------|-------------------|------|
| 22.06 | Rita Tyssebotn Mo | 1964 |
|-------|-------------------|------|

### Stamnes

- |       |                   |      |
|-------|-------------------|------|
| 22.06 | Ragnar K Hesjedal | 1917 |
|-------|-------------------|------|

### Vaksdal

- |       |                              |      |
|-------|------------------------------|------|
| 26.05 | Lilly Erstad                 | 1921 |
| 08.06 | Erling Arne Karlsen          | 1950 |
| 16.06 | May Kristina Miranda Risholm | 2005 |

## DET SKJER I BEDEHUSA:

### Vaksdal bedehus

- Storsamling søndag kl. 11.00**  
17. september Talar: Asle Hetlebakke  
8. oktober Talar: Christian Skoge  
29. oktober Talar: Audun Hjelvik  
19. november Talar: Svein Arne Hetlebakke  
**Søndag 5. november kl. 16.30** Vera samansamling  
**Laurdag 11. november kl. 13.00** Bedehusdag

### Stanghelle bedehus

- Søndag 3. september kl. 18.00** Møte ved Åpne Dører  
**Onsdag 27. september kl. 19.00** Møte ved Audun Hjelvik  
**Laurdag 21. oktober kl. 16.00** BASAR. Tale ved Reidun Skurtveit  
**Onsdag 22. november kl. 19.00** Møte ved Sigrd Romarheim Eide

### Dale bedehus

- Onsdag 13. september kl. 19.00** Bibeltime ved Ottar Dalseid  
**Laurdag 28. oktober kl. 16.00** BASAR. Tale ved Asle Hetlebakke  
**Laurdag 11. og søndag 12. november** BIBELHELG ved Christian Skoge, begge dagar kl. 18.00

### Stamnes bedehus

- Torsdag 2. november kl. 18.00** BEDEHUSBASAR. Song av barnekor. Gratis kveldsmat.

## KONSERT MED VOSSAGOSPEL

### I NESHEIM KYRKJE MÅNDAG

2. OKTOBER KL. 19.00. BILL. KR 200

Førehandssal og meir info, sjå [www.eksingedalen.no](http://www.eksingedalen.no)

## PRESTEVIGSEL

Det er planlagt ordinasjon/ prestevigsel av Håkon Kinsarvik. Det skal skje på søndag 10. desember ved biskop Halvor Nordhaug. Kyrkja er enno uklar, men me satser å vere med her i frå heimekyrkjelyden hans anten det vert i på heimebane i Vaksdal kyrkje, eller i Bergen. Staden er enno ikkje heilt avklart. Følgj me på seinare annonsering. Me er stolte over at enno ein av ungdomane våre satser på eit liv i presteneste i kyrkja. Herfra lokalt har me på totusentalet tidligare hatt ordinasjon for Anders Magne Wendel, Ragnhild Lakang Due og Kjetil Kringlebotten. Håkon Kinsarvik er oppvaksen på Vaksdal. Han har vore ein viktig leiar i Ungdomsarbeidet i KUL på Vaksdal bedehus og på leirar på Faggertun. Han har teke presteutdanninga si i Bergen, Stavanger og Tromsø.



## VELKOMEN TIL KYRKJA

**Sundag 3. september - 13. sundag i treeiningstida**

BERGSDALEN KYRKJE kl. 11:00. Bergsdalsstemna/Familiegudstene-  
neste. Skutlaberg. Nattverd. Dåp. Kyrkjekaffi og songstund.

STAMNES KYRKJE kl. 18:00. Familiegudstene-  
neste. Audestad og Bø. Nattverd. Presentasjon av konfirmantane og markering av skule-  
start for 6-åringane. Kyrkjekaffi.

**Søndag 10. september - 14. sønd. i treeiningstida**

EKSINGEDALEN KYRKJE kl. 11:00. Gudstene-  
neste. Bø. Nattverd.  
Kyrkjekaffi.

VAKSDAL KYRKJE kl. 18:00. Ungdomsgudstene-  
neste. Bø. Nattverd.  
Presentasjon av konfirmantane.

**Søndag 17. september - 15. sønd. i treeiningstida**

EIDSLAND KAPELL kl. 11:00. Gudstene-  
neste. Kvamsøe Nattverd. Dåp.  
Kyrkjekaffi.

**24. september - 16. sønd. i treeiningstida**

DALE KYRKJE kl. 16:00. Ung Messe. Bø og konfirmantane som har  
vore på leir. Nattverd. Dåp.

**Søndag 1. oktober - 17. sønd. i treeiningstida**

VAKSDAL KYRKJE kl. 16:00. Ung Messe. Skutlaberg, Kvamsøe og  
konfirmantane som har vore på leir. Nattverd. Dåp.

**Søndag 8. oktober - 18. sønd. i treeiningstida**

NESHEIM KYRKJE kl. 11:00. Gudstene-  
neste. Bø. Nattverd. Dåp. Kyr-  
kjekaffi.

**Søndag 15. oktober - 19. sønd. i treeiningstida**

DALE KYRKJE kl. 11:00. Gudstene-  
neste. Skutlaberg. Nattverd. Dåp.  
50- og 60-årskonfirmantane.

STAMNES KYRKJE kl. 16:00. Familiegudstene-  
neste. Bø. 10-åringane  
er innbedne for å få Nytestamente. Kyrkjekaffi.

**Søndag 22. oktober - 20. sønd. i treeiningstida**

VAKSDAL KYRKJE kl. 11:00. Gudstene-  
neste. Bø. Nattverd. Dåp. 50-års-  
konfirmantane.

EKSINGEDALEN KYRKJE kl. 15:00. Gudstene-  
neste. Skutlaberg. Natt-  
verd. Dåp. Kyrkjekaffi.

**Søndag 29. oktober - Bots- og bededag**

Ingen gudstene-  
neste, men konsert med Luther-jazz. Sjå eigen omtale

**Tysdag 31. oktober - Reformasjonsdagen**

STAMNES KYRKJE kl. 17:30. Gudstene-  
neste. Bø og Skutlaberg. Natt-  
verd.

**Søndag 5. november - Helgemessesøndag**

DALE KYRKJE kl. 11:00. Gudstene-  
neste. Bø. Nattverd. Dåp.

STAMNES KYRKJE kl. 16:00. Familiegudstene-  
neste. Bø. Nattverd. Dåp.  
4-åringane er innbedne for å få bok Kyrkjekaffi.

**Søndag 12. november - 23. sønd. i treeiningstida**

VAKSDAL KYRKJE kl. 11:00. Familiegudstene-  
neste. Bø. Nattverd. Dåp.  
4-åringane er innbedne for å få bok. 10-åringane er innbedne for å  
få Nytestamente. Kyrkjekaffi.

**Søndag 19. november - 24. sønd. i treeiningstida**

DALE KYRKJE kl. 11:00. Familiegudstene-  
neste. Kvamsøe. Nattverd.  
Dåp. 4-åringane er innbedne for å få bok. Kyrkjekaffi.

**Søndag 26. november - Domssøndag/Kristi kongedag**

Ingen gudstene-  
neste i Vaksdal

*Dåp = Høve til dåp i gudstene-  
neste.*

*Sjå annonsar i lokalavisa, oppslag og på [www.vaksdal.kyrkja.no](http://www.vaksdal.kyrkja.no) og for eventuelle endringar.*



## Bunad og stakkastove as

*ny bunad*

*omsøm*

*bunadsøle*

*tilbehør*

*Ring for avtale 56 19 18 00*

*Osterøy næringspark, 5281 Valestrandfossen*

*[www.bunadogstakkastove.no](http://www.bunadogstakkastove.no)*